



Er tida klar for ei forsiktig opning av Kafe Tiaren ?

Kulturkafeen på Husnes i regi av Frivilligsentralen opnar att etter å ha vore stengd sidan 10. mars. Det vert spurt om det let seg gjera med ei forsiktig opning av Kafe Tiaren i Gamleskulen. Ein vesentleg skilnad på Husnes og Uskedalen er storleiken på lokala Kulturhuset og Gamlekkulen. Ei opning i Uskedalen vil medføra ei rekkje smitteverntiltak, men det let seg truleg gjera dersom alle etterlever gjeldande restriksjonar.

Gågruppa med sine 8 - 10 medlemmer har alt vore i på sine faste turar på tysdagane. Dei brukar Gamleskulen til sosialt samvære etter turen. I gruppa har de vore diskutert om det er aktuelt med opning av Kafe Tiaren. Mange i gågruppa er nemleg frivillige på Tiaren.

Om ein skal få til ei opning, er det nokre tiltak som må leggjast til grunn.

- Alle må sprita hendene før ein går inn i lokalet
- Alle må halda avstand, særleg ved disken
- All mat må vera i disken. Ikkje påsmurde rundstykke, men vafler og lappar
- Ein av dei frivillige serverer kaffi og te. Ingen andre tek i kaffikanna
- Koppar og fat står bak disken
- Berre to på kjøkken
- Må truleg sei nei til større grupper
- Sit på småbord i begge romma

Det er ei gruppe i Uskedal utvikling som driv Kafe Tiaren. Det må sjølvstøtt vera frivillig om ein vil vera med på ei forsiktig opning. Opninga må sikkert drøftast med kommunelegen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal